

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO




Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200907507-2/523/KJEHAU1


Dykkar ref.:

Bergen, 25. november 2009

NOU 2009:18 Rett til læring – høringsuttale

Vedlagt følger høringsuttale frå Hordaland fylkeskommune til NOU 2009:18 Rett til læring.
Uttalen er og sendt elektronisk til departementet.


Inger Øvsthus-Tønder


Kjersti Haugland

Vedlegg



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200910879
Arkivnr. 523
Sakshandsamar Haugland, Kjersti

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Opplærings- og helseutvalet	10.11.09	69/09
Fylkesutvalet	18.11.09	265/09

HØRING NOU 2009:18 RETT TIL LÆRING

Opplærings- og helseutvalet 10.11.09

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune er positiv til framlegg om at kommune og fylkeskommune har ei plikt til kontinuert og systematisk oppfølging av barn- og elevar si utvikling, læring og læringsmiljø og tiltak som er skissert i samband med dette. Framlegg om at ei Læringsbok skal følgje eleven gjennom barnehage og skule er ikkje juridisk og fagleg utgreidd. Det kjem ikkje klart fram kven sin eigedom Læringsboka er. Spørsmål om Læringsboka skal vere elektronisk eller papirbasert, og i kva grad Læringsboka vil erstatte skriftleg vurdering av eleven i grunnskulen er uklar. Desse problemstillingane må klarleggjast før ein tek endeleg avgjerd om innføring av Læringsbok. (Kap 13)

Utvalet gjer framlegg om at rett til spesialundervisning etter Opplæringslova §5-1 vert erstatta av ein *rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa*. Retten vert utløynt når eleven ikkje har tilfredstillande utbytte av undervisninga. Utvalet er tydeleg på at det ikkje er noko skilje mellom tilpassa opplæring og ekstra tilrettelegging i opplæringa. Hordaland fylkeskommune er skeptisk til å innføre ein praksis som kan svekke elevane sine rettar til spesialundervisning samt ein praksis med enkeltvedtak med og utan sakkunnig vurdering. (Kap 14)

Hordaland fylkeskommune støttar dei tiltaka det er gjort framlegg om for å lage gode og fleksible opplæringsløp. (Kap 15)

Framlegg om at PP tenesta skal vere "tettare på" barnehagar og skular er godt. Hordaland fylkeskommune ser positivt på framlegg om ei klarare ansvarsfordeling mellom PP tenesta og Statped og støttar framlegget om etablering av fire regionsenter. Vi støttar ikkje framlegg om etablering av eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP- tenesta til ein kostnad av ca 50 millionar kr pr år. (Kap 16)

Når det gjeld tiltaket om at kommunar, fylkeskommunar og NAV skal inngå forpliktande samarbeidsavtalar er dette allereie på plass i fylket, Avtale om tilpassing av opplæringslærings- og arbeidsmarknadstiltak. Avtalen skal revurderast 31.12.09. (Kap 17)

Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak framlegga slik dei er skissert. Imidlertid saknar vi omtale og vektlegging av den verdi spesialpedagogisk kompetanse er i arbeid med barn, unge og vaksne med særskilte behov. Dette gjeld både i høve til fagleg og organisatoriske tiltak. (Kap 18)

Fylkesutvalet 18.11.09

Det var 14 representantar til stades.

Mette Holmefjord Olsen sette på vegner av Frp, V, KrF og H fram slikt forslag:

”Innstilling: Som rådmann, men med følgjande endring i 2. avsnitt - siste setning:

"er skeptisk til å innføre" vert erstatta med "er i mot å innføre".

Petter Kvinge Tvedt sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp, KrF:

”Fylkesutvalet legg fram følgjande tilleggsforslag til Hordaland fylkeskommune si høyringsfråsegn:

Hordaland fylkeskommune registrerer at utvalet har foreslått å redusere kapasiteten til Statped sine senter for samansette læreavanskar frå 145 årsverk til 30 årsverk. Hordaland fylkeskommune stiller spørsmålsteikn ved kva for konsekvensar forslaget kan ha for mange elevar med omfattande og spesielle behov, og etterlyser grundigare undersøkingar i forhold til dei ulike PP-tenestene sin kompetanse og behov på feltet og behova til elevane som inngår i denne gruppa.

Hordaland fylkeskommune er kritisk til utvalet sitt forslag om å leggje ned alle dei statlege hørselsskolane. Hordaland fylkeskommune meiner det er svært viktig for teiknspråkbrukarar å ha eit trygt teiknspråkleg miljø, og viser til at dei statlege hørselsskolane lenge har vore eit viktig og nødvendig alternativ for mange hørselshemma elevar som ikkje fungerer bra på sin nærskole.

Hordaland fylkeskommune understrekar at tilpassa opplæring også må gjelde dei flinke elevane. Utvalet sin rapport synest å ha utelate sentrale problemstillingar knytt til desse elevane. Hordaland fylkeskommune viser til Kunnskapsløftet (K06), der tilpassa opplæring er eit hovudpoeng for heile den store reforma. Mellom tiltaka er auka fleksibilitet i fag- og timefordelinga og høve for ungdomsskoleelevar til å velje opplæring i fag frå vidaregåande opplæring. Tiltaka skal bidra til å styrkje tilpassinga til ulike elevar sine interesser og føresetnader, og knyte ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring betre saman. Hordaland fylkeskommune meiner at det er viktig å fokusere på å gjennomføre tiltaka som ligg i Kunnskapsløftet.”

Røysting

Innstilling med endringa frå Holmefjord Olsen vart samrøystes vedteken.

Kvinge Tvedt sitt forslag, 1. avsnitt vart vedteke mot 4 røyster (A).

Kvinge Tvedt sitt forslag, 2. og 3. avsnitt vart vedteke mot 5 røyster (A, SV).

VEDTAK

Hordaland fylkeskommune er positiv til framlegg om at kommune og fylkeskommune har ei plikt til kontinuerleg og systematisk oppfølging av barn- og elevar si utvikling, læring og læringsmiljø og tiltak som er skissert i samband med dette. Framlegg om at ei Læringsbok skal følgje eleven gjennom barnehage og skule er ikkje juridisk og fagleg utgreidd. Det kjem ikkje klart fram kven sin eigedom Læringsboka er. Spørsmål om Læringsboka skal vere elektronisk eller papirbasert, og i kva grad

Læringsboka vil erstatte skriftleg vurdering av eleven i grunnskulen er uklar. Desse problemstillingane må klarleggjast før ein tek endeleg avgjerd om innføring av Læringsbok. (Kap. 13)

Utvalet gjer framlegg om at rett til spesialundervisning etter opplæringslova §5-1 vert erstatta av ein *rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa*. Retten vert utløynt når eleven ikkje har tilfredstillande utbytte av undervisninga. Utvalet er tydeleg på at det ikkje er noko skilje mellom tilpassa opplæring og ekstra tilrettelegging i opplæringa. Hordaland fylkeskommune er i mot å innføre ein praksis som kan svekke elevane sine rettar til spesialundervisning samt ein praksis med enkeltvedtak med og utan sakkunnig vurdering. (Kap. 14)

Hordaland fylkeskommune støttar dei tiltaka det er gjort framlegg om for å lage gode og fleksible opplæringsløp. (Kap. 15)

Framlegg om at PP-tenesta skal vere "tettare på" barnehagar og skular er godt. Hordaland fylkeskommune ser positivt på framlegg om ei klarare ansvarsfordeling mellom PP-tenesta og Statped og støttar framlegget om etablering av fire regionsenter. Vi støttar ikkje framlegg om etablering av eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta til ein kostnad av ca 50 millionar kr pr år. (Kap. 16)

Når det gjeld tiltaket om at kommunar, fylkeskommunar og NAV skal inngå forpliktande samarbeidsavtalar, er dette allereie på plass i fylket, Avtale om tilpassing av opplæringslærings- og arbeidsmarknadstiltak. Avtalen skal revurderast 31.12.09. (Kap. 17)

Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak framlegga slik dei er skissert. Vi saknar likevel omtale og vektlegging av den verdien spesialpedagogisk kompetanse er i arbeid med barn, unge og vaksne med særskilte behov. Dette gjeld både i høve til fagleg og organisatoriske tiltak. (Kap. 18).

Hordaland fylkeskommune registrerer at utvalet har foreslått å redusere kapasiteten til Statped sine senter for samansette lærevanskar frå 145 årsverk til 30 årsverk. Hordaland fylkeskommune stiller spørsmålsteikn ved kva for konsekvensar forslaget kan ha for mange elevar med omfattande og spesielle behov, og etterlyser grundigare undersøkingar i forhold til dei ulike PP-tenestene sin kompetanse og behov på feltet og behova til elevane som inngår i denne gruppa.

Hordaland fylkeskommune er kritisk til utvalet sitt forslag om å leggje ned alle dei statlege hørselsskolane. Hordaland fylkeskommune meiner det er svært viktig for teiknspråkbrukarar å ha eit trygt teiknspråkleg miljø, og viser til at dei statlege hørselsskolane lenge har vore eit viktig og nødvendig alternativ for mange hørselshemma elevar som ikkje fungerer bra på sin nærskole.

Hordaland fylkeskommune understrekar at tilpassa opplæring også må gjelde dei flinke elevane. Utvalet sin rapport synest å ha utelate sentrale problemstillingar knytt til desse elevane. Hordaland fylkeskommune viser til Kunnskapsløftet (K06), der tilpassa opplæring er eit hovudpoeng for heile den store reforma. Mellom tiltaka er auka fleksibilitet i fag- og timefordelinga og høve for ungdomsskoleelevar til å velje opplæring i fag frå vidaregåande opplæring. Tiltaka skal bidra til å styrkje tilpassinga til ulike elevar sine interesser og føresetnader, og knyte ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring betre saman. Hordaland fylkeskommune meiner at det er viktig å fokusere på å gjennomføre tiltaka som ligg i Kunnskapsløftet.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 23. november 2009

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen